



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	03.02.2015
Tid:	13:30 – 15:30

Medlemmer som møtte:

Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP

Forfall:

Camilla Storøy Hermansen	MEDL	KRF
Kjell Runde	MEDL	FOLK/SP
Margaret Leinebø	MEDL	H
Per Kristian Furø	MEDL	AP

Varamedlemmer som møtte:

Ole Brubakk	Camilla Storøy Hermansen	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Kjell Runde	KRF
Idar Tarberg	Margaret Leinebø	H
Henry Jøsokbakke	Per Kristian Furø	V

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Sekretær Hilde B. Skinnes
Leiar Eigedomsavdelinga Robert Myklebust
Leiar Utviklingsavdelinga Jarl Martin Møller
Planleggar Ole Magne Rotevatn

Det møtte 5 faste medlemmer og 4 varamedlemmer, fulltallig.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vert valde:
Henry Jøsokbakke og Linn-Therese H. Sævik

Delt ut i møte:

Notat frå Utviklingsavdelinga datert 29.01.15 – Notat vedr. kommunereform
F-sak 20, 21 og 22/15 u.off. S

Det vart drøfta/orientert om:

- Eigedomsleiar Robert Myklebust orienterte om utleige ved «Fristadbygget»
- Olaug Andreassen etterlyste informasjon om framdrift i forhandlingar om tomt på Leine
- Ann-Kathrin (Tine) Storøy etterlyste informasjon om møte om byutvikling 11. februar.
Utviklingsleiar Jarl Martin Møller svarte.
- Utviklingsleiar Jarl Martin Møller orienterte om gang- og sykkelveg i Sandvika.

Formannskapsmøte vart filma av høgskulestudentar i Volda.

Linn-Therese H. Sævik

Arnulf Goksøyr

Henry Jøsokbakke

underskrifter

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 14/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 15/15	Protokoll frå førre møte
PS 16/15	Referatsaker
PS 17/15	Detaljreguleringsplan for Teigane, gnr. 5 bnr. 1 m/fleire - oppstart av planarbeid.
PS 18/15	Regional delplan for attraktive byar og tettstadar - høyringsuttale
PS 19/15	Prioritering av kommunale byggeprosjekt 2015 - orientering og eventuell omdisponering av midlar
PS 20/15	Søknad om startlån – U.off. §13
PS 21/15	Søknad om startlån – U.off. §13
PS 22/15	Søknad om startlån – U.off. §13
	Referatsaker
RS 4/15	Årsmelding 2014

PS 14/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknad til innkalling og sakliste

PS 15/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 16/15 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 17/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR TEIGANE, GNR. 5 BNR. 1 M/FLEIRE - OPPSTART AV PLANARBEID.

Møtebehandling:

FrP, Karly Teige reiste habilitetsespørsmål då sonen er medeigar i areal som planen omhandlar. Karly Teige gjekk frå under handsaming av habilitet. Karl Teige vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav b.

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 03.02.2015

Formannskapet vedtek at det i medhald av PBL § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område på Teigane på Nerlandsøy, gnr. 5 bnr. 1 m/fleire.

PS 18/15 REGIONAL DELPLAN FOR ATTRAKTIVE BYAR OG TETTSTADAR - HØYRINGSUTTALE

Møtebehandling:

Planleggar Ole Magne Rotevatn orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 03.02.2015

Formannskapet oversender fylgjande høyringsuttale til *regional delplan for attraktive byar og tettstadar*:

1. Arbeidet med "Regional delplan for attraktive byar og tettstader" vert sett på vent til pågåande prosess med kommunestruktur er avklart. Det er unaturlig med ei endring av region- og senterstruktur, slik den går fram av Fylkesplanen, på noverande tidspunkt.
2. Delplanen (Senterstrukturplanen) vert snevra inn til å gjelde retningslinjer for lokalisering av handel, service og tenester, og skal vere eit supplement til "Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre". Eit omarbeidd framlegg til delplan vert send ut på ny høring. I dette nye utkastet ber vi om at det vert teke omsyn til at tettstadar og byar er i stadig utvikling og har ulike utfordringar. Fleire av kommunane i fylket har etter kvart utvikla ein to- eller fleirsenterstruktur som dei ønskjer å bygge opp under for å styrke utvikling og vekst. Kommunane er ulike og senterstrukturplanen må gi rom for lokale tilpassingar ved at den einskilde kommunen, gjennom kommuneplanen definere sine senter og sentertypar (administrasjon, handel- og service, etc).

Det bør leggjast vekt på at ein i større grad tek omsyn til lokale prosessar og vurderingar når overordna planmynde tek stilling til den einskilde kommune sine planar.

PS 19/15 PRIORITERING AV KOMMUNALE BYGGEPROSJEKT 2015 - ORIENTERING OG EVENTUELL OMDISPONERING AV MIDLAR

Møtebehandling:

KrF, Linn Therese H. Sævik kom med slik endring i siste linje i punkt 1: ny barnehage i Myrvåg vert bytta ut med «ny barnehage i Indre Herøy»

Rådmannen si tilråding med slik endring i punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 03.02.2015

1. Avsette planleggingsmidlar til idrettshall Einedalen i budsjett 2015, 250 000 kroner, vert omdisponerte til planlegging av ny barnehage Indre Herøy.

2. Planleggingsmidlar til idrettshall Einedalen bør då leggest inn igjen i budsjett og økonomiplan same året eller året før det vert avsett midlar til bygging.
3. Saka vert elles teke til vitande.

PS 20/15 SØKNAD OM STARTLÅN

PS 21/15 SØKNAD OM STRTLÅN

PS 22/15 SØKNAD OM STARTLÅN

MØTET SLUTT!